



Inger Lise
Stulen
Berre deg

Så takksam eg er for at eg endå eingong kan spela inn eit album. Denne gongen med nye historiar og meir levd liv å skrive om. Små og store augneblink i kvardagen inspirerer meg til å uttrykkje meg gjennom tekst og melodi.

Ekstra hyggjeleg er det at pappa på no over 91 år har bidrege med trekkspelsolo på «Minnebok». Denne songen er ein hyllest til barndomen og oppveksten min. Ein hyllest til mamma og pappa som har gitt meg så mykje godt, tryggleik og kjærleik. Frå eg var ei lita jente fekk me 8 syskena vere med å syngje og spele med pappa når han underhaldt med trekkspelen sitt. Mamma var med som ein god og konstruktiv «kritikar».

Det å kunne glede andre folk med musikk har vore ei fin erfaring for meg og ein viktig del av oppsedinga mi. Å gje vidare noko av alt det gode me har fått synast eg er viktig. No er det pappa sin tur til å vere med meg på plateinnspeling. Så ein kan seie at ringen er slutta her.

Sidan dei to eldste borna har fått sine eigne songar på tidlegare plateinnspelingar, var det no minstemann sin tur til å få ein song «Solstråle av gull». Eg er så takksam over å ha vorte mamma til tre fine born, «golla» mine som eg kallar dei. Det er fantastisk å glede seg over nye liv som kjem til. Så mange kjensler følgjer med mammarolla; undring og uro, fasinasjon og begeistring.

«Berre deg», er ein hyllest til mannen min som oppmuntrar meg og støtter meg. Etter å ha opplevd kor brått livet kan snu med alvorlege hendingar og sjukdom som inntreff, er det godt å kunne få syngje ut om kor glad ein er for at det har gått bra med oss, og at ein kan leve livet saman vidare. «Det er du, det er berre deg ... mitt haldepunkt i livet».

Songen «Fortid» vart til på bakgrunn av dikt eg fann etter ein kvinneleg slekting som levde under tronge år på 1800-talet. Ho uttrykte tankar om slit, urett, sorg og maktløyse i dikta sine.

Våre spor i livet, fotefaret, skal gjerne etterslekta vår prøve å tyde. Eg håpar at denne plata vil setje spor og tilføre trivsel og nostalgi. Det er meg ei stor gleda

dei gongene eg får tilbakemelding om at eg gjennom songen min har rørt ved kjensler hos lyttaren, og slik gitt eit minne å ta med på vegen. Stemningsfulle songar og dikt kan leve vidare! Då går tankane mine til eit vakkert sitat. «Livet er kort, kunsten varar evig»!

Beste helsing frå

Inger Lise

Tekst: Inger Lise Stulien / Melodi: Knut Kjetil Møen

1. Eit haldepunkt

*Eit haldepunkt er noko som alltid er
Eit fundament som ikkje går i stykker
Eit haldepunkt er noko som kjennest så kjær
Eit haldepunkt*

*Gjennom livets vandring i lys og skugge
Uansett vær treng me ei trygge hamn
I gode og vonde dagar
Me er jo berre menneske ...*

*Eit haldepunkt er noko som alltid er
Eit fundament så ørleg og trufast
Eit haldepunkt er noko som kjennest så nær
Eit haldepunkt*

*Gjennom livets vandring i lys og skugge
Uansett vær treng me ei trygge hamn
I gode og vonde dagar
Me er jo berre menneske*

*Mitt haldepunkt i livet er di hand
Sjølv om havets bølgjer smaker salt og søtt
I mørke natta, ditt fyrlys vaktar meg,
støtt og stødig, du ser eg kan*

*Gjennom livets vandring i lys og skugge
Uansett vær treng me ei trygge hamn
I gode og vonde dagar
Me er jo berre menneske*



Tekst: Inger Lise Stulien / Melodi: Knut Kjetil Møen
Duett med THOM HELL


2. Berre deg

Om natt og dag og kor eg fer
Eg gøymer i min hjartefamn
Eg takkar inderleg og ber
Eg gløymer ei den trygge hamn
Der hjarta mitt kan kvila
Og vita om vår sanningsveg
Som hjelper så ein ikkje treng fortvila

*Om skodda ligg så diger
Det blømer på vår veg
Eg må din kjærleik kjenna
Det er du, det er berre deg*

Eg har med meg i sjel og sinn
Så glad eg syng ein takkesong
Fred og ro eg etter finn
Så bra å kjenna gong på gong
Der hjarta mitt kan kvila
Og vita om vår sanningsveg
Som hjelper så ein ikkje treng fortvila

*Om skodda ligg så diger
Det blømer på vår veg
Eg må din kjærleik kjenna
Det er du, det er berre deg*



3. Måne i det blå

Det stundar mot kveld

Og natta fell på

Himmelen er pynta med stjerner

Måne i det blå

Det stilnar i kveld

Englar passar på

Draumeland blir vekkja til livet

Måne i det blå

Egsov trygt i kveld

Til ny dag skal rå

Eg takkar for all denne gleda

Måne i det blå

Kvelds vinden ønsker blomar god natt

Dei syng for seg sjølv før dei lukkar seg att

Bølgjene brusar og nynnar ilag

Alt liv, alt liv takkar for seg idag

Kvelds vinden ønsker blomar god natt

Dei syng for seg sjølv før dei lukkar seg att

Bølgjene brusar og nynnar ilag

Alt liv, alt liv takkar for seg idag

Snartsov alt i kveld

Kulda aukar på

Men eg har det lunt i mitt indre

Måne i det blå

Tekst / Melodi: Inger Lise Stulien

4. Minnebok

Eg gler meg over barndomen
Og smiler når eg blar i mine tankers minnebok
Livet set sine spor, det veit me alle om
Ei vandring gjennom tida
Opplevingar og val me tok

*Det me sår i dag, vil med åra bera frukt
Og spreie glede i all æva
Tida går og tida kjem
Eg minnest det som var og veit det som er
Historia viser dei har stræva
Slekt skal følge etter oss, og tyde våre spor
Ein takk til mor og far, til syster og til bror*

Eg gler meg over barndomen
Og smiler når eg blar i mine tankers minnebok
Åra forsvinn, det veit me alle om
Eg kjenner takksemda
For far så gild og mor så klok

Me nynnar til trekkspel-klang
Og til bølgje-vals
Slår takta opp mot himmelen blå
Og minnest det trygge fang

*Det me sår i dag, vil med åra bera frukt
Og spreie glede i all æva
Tida går og tida kjem
Eg minnest det som var og veit det som er
Historia viser dei har stræva
Slekt skal følge etter oss, og tyde våre spor
Ein takk til mor og far, til syster og til bror*

5. *Nytt liv*

*Nytt liv er att i emning
Staudar, blomar, frukt og bør
Nytt liv som skaper stemning
I skog og hei og vatn
Nytt liv som gjev begeistring
For kvart menneske på jord
For kvart menneske på jord*

*Nytt liv som treng ei endring
Med kjærleik, tru og von
Nytt liv som skaper undring
Takksemd, fasinasjon
Nytt liv som gjev oss næring
Kjella for ei gleda stor
Kjella for ei gleda stor*

*Travle dagar og mykje slit,
men likevel eit under
Den nyfødde ser,
verdas ljós kjem imot
Vårt ansvar som varer heile livet,
men som vil gje mange fine stunder*

*Travle dagar og mykje slit,
men likevel eit under
Den nyfødde ser,
verdas ljós kjem imot
Vårt ansvar som varer heile livet,
men som vil gje mange fine stunder*





6. Fri

*Den fyrste tid, eit landskap spennande og lyst
Blomane lyfta begra sine, dei drakk doggdråpar
Og fargane sprang ut
Den fyrste tid, varmt ljós, kjende liv og lyst
Dansen kring bålet, kroppar som spegla seg i havet
Og fargane sprang ut. Og fargane sprang ut*

*I dag eg kjenner saknet etter det som gleid forbi
Me kjenner godt kvarandre, det var oss det skulle bli
Men ingen storm har knekt meg før, og no kjenner eg meg fri
Nei, ingen storm har knekt meg før, det var slik det skulle bli*

*Du er ikkje borte, men lys levande einstad
Lauvskogen felte blad, svarte greiner på kveldshimmelen
Og fargane forsvann
Det lei mot solrenning, det var ikkje att eit blad
Tankane dreiv oss frå kvarandre, vår loyndom
Og fargane forsvann. Og fargane forsvann*


Tekst: Inger Lise Stulien / Melodi: Knut Kjetil Møen

Duett med TRYGVE SKAUG

*I dag eg kjenner saknet etter det som gleid forbi
Me kjenner godt kvarandre, det var oss det skulle bli
Men ingen storm har knekt meg før, og no kjenner eg meg fri
Nei, ingen storm har knekt meg før, det var slik det skulle bli*

*Eg må innrømma at du har alltid vore her
I eit landskap djupt på botnen, du for meg er alltid kjær*

*I dag eg kjenner saknet etter det som gleid forbi
Me kjenner godt kvarandre, det var oss det skulle bli
Men ingen storm har knekt meg før, og no kjenner eg meg fri
Nei, ingen storm har knekt meg før, det var slik det skulle bli*



Tekst: Inger Lise Stulien / Melodi: Knut Kjetil Møen

7. Vegen

Å finna vegen ut
Når myr og tåke mottast
Som ein evig labyrint
Men vegen må me alle gå åleine

Å finna vegen ut
Er verre utan hjelp
Som ein evig labyrint
Men vegen må me alle gå åleine

*Myrene dampar under sløret
Mosekona bryggjer, naturen har si vase
Anker i usynleg feste
Utan styrken er me alle svake*

Å finna vegen ut
Det kostar mange tårer
Som ein evig labyrint
Men vegen må me alle gå åleine

*Myrene dampar under sløret
Mosekona bryggjer, naturen har si vase
Anker i usynleg feste
Utan styrken er me alle svake*

*Det vesle born, har funne vegen sin
Til sjelens kvilestad. Så fullboren og fin
Så fullboren og fin. Så fullboren og fin
Så fullboren og vakker og så fin
Det vesle born, har funne vegen sin
Til sjelens kvilestad. Så fullboren og fin
Å finna vegen ut ...*

Til minne om vesle Oskar som var så fullboren og fin, men som så sorgjeleg brått døydde i mors liv.

Tekst: Inger Lise Stulien / Melodi: Knut Kjetil Møen
Duett med STEIN ROGER SORDAL

3. Spor

*I det kvite skinet
Eg ser deg sit og spelar
Med bortdrøynde augo
Og med tenkjande andletsdrag*

**Våre spor er tekne av vinden
Spør vinden før den snur
Vår varme for kvarandre
Er sterkare enn du trur**

*I det kvite skinet
Eg ser deg står og drøymer
Med attlatne augo
Og med lengtande andedrag*

**Våre spor er tekne av vinden
Spør vinden før den snur
Vår varme for kvarandre
Er sterkare enn du trur**

*Om det kveldast mellom oss finst nye ljose dagar,
men vonde kalde netter
For kjærleiken me har, giev gode varme netter*

**Våre spor er tekne av vinden
Spør vinden før den snur
Vår varme for kvarandre
Er sterkare enn du trur**

9. Sommar

*Ei strime frå månen i det svarte vatn
Det glitrar som sylv og blankaste krystall
Eit vakkert land med fjell og fjord
Og fossar under bru der trollet fall*

*Det er godt å kjenna at ein lever og er til
Synga høgt ein gledessong med trøyst og von, og latter mild
Det er lov å nyta livet, om ein vil*

*Me sat der i lia i fjorgamalt lauv
Som i alle draumanes eventyrland
Ei vårsol som tinte det fram
Det er no på ny blitt sommar i vinterland*

*Det er godt å kjenna at ein lever og er til
Synga høgt ein gledessong med trøyst og von, og latter mild
Det er lov å nyta livet, om ein vil*

10. Solstråle av gull

Då du kom til verda
Eg kjende det så rett
Du var med meg på ferda
Det var ikkje alltid lett

Frå hjartas djupe grunn
Du solstråle av gull
Er til vår alles gledesstund
Eg syng for deg ein bånesull

Dei to små sôte hender,
og dei to små sôte bein
Skal finna ut av vegen,
og flytta mang ein stein

Du båne mitt, kjære
Eit unikt meisterverk
Tenk på alt du må lære
Før du skal bli stor og sterk

Frå hjartas djupe grunn
Du solstråle av gull
Er til vår alles gledesstund
Eg syng for deg ein bånesull

I tankane følgjer eg stadig med deg
Og ønskjer deg lukke og hell på din veg
Du vil sikkert klare deg godt der du går
Ei framtid så lys vil eg håpe at du får

Dei to små sôte hender,
og dei to små sôte bein
Skal finna ut av vegen,
og flytta mang ein stein

Tekst: Inger Lise Stulien / Melodi: Knut Kjetil Møen

II. *Fortid*

Eg les i historia frå langt tilbake i tid
Om skjebner og liv som for lengst er forbi
Frå spedaste barndom til alderdom
Med kummer og motgong, få lyttige rom
Nanana ... Langt tilbake i tid

Slik blomen fell som gras og siv
Var det strev og slit i fattige liv
Borna fort vaksne, fekk tidleg plikter
Og mange med dystre framtidutsikter
Nanana ... Langt tilbake i tid
Nanana ... Langt tilbake i tid

Og husa så kalde, og tarveleg mat
I tronge kår, dei med mange born sat
Til kyrkja dei fleire følgde heim for kvile
Mang ei mor måtte fortvile
Nanana ... Langt tilbake i tid
Nanana ... Langt tilbake i tid

Til trældom dei små måtte reise ut
Som fuglen or reiret, trass tårer og sut
Terapi i poesi og klagesong
Med sorga tok slekta farvel for siste gong
Nanana ... Farvel for siste gong
Nanana ... Farvel for siste gong...



MUSIKARAR OG SOLISTAR:

Inger Lise Stulien: SONG

Bjørn Ole Rasch: MELLOTRON, TRØORGEL, HAMMOND B3-ORGEL, KLAVINETT OG ANDRE TANGENTAR

Knut Kjetil Møen: AKUSTISK-OG EL.GITAR, DOBRO OG MELOBAR SLIDEGITAR

Per Hillestad: TROMMER, PERKUSJON OG TOMMELPIANO / **Per Elias Drablos:** BASS

Sebastian Gruchot: FELE / **Trond Arntzen:** MANDOLIN, BANJO OG DOBRO

Alf Trygve Winge: MUNNSPEL / **Vidar Bo:** FLYGEL / **Arthur Stulien:** TREKKSPESLO SOLO PÅ: «MINNEBOK»

Dag Erik Oksvold: KORING PÅ ALLE SONGAR OG KORARRANGEMENT

Hilde Nordbakken: KORING PÅ NR. 3,5,7,9 OG 10 / **Annbjørg Lien:** KORING PÅ «FORTID»

Grethe Stulien Lauen og Øystein Lauen: KORING PÅ «MINNEBOK»

Thom Hell: SONG PÅ DUETTEN: «BERRE DEG»

Trygve Skaug: SONG PÅ DUETTEN: «FRI» / **Stein Roger Sordal:** SONG PÅ DUETTEN: «SPOR»

PRODUSENT OG ARRANGØR: **Bjørn Ole Rasch**

Innspeilt i Kongshavn Studios av Roald Råsberg / Miksa i Sanden Studio av Roald Råsberg

COVERDESIGN: Kjetså Design AS / FOTOGRAF: Arild Danielsen

MAKE-UP: Astrid Stulien Ro / BILETE-COLLAGE I BOOKLET: Inger Lise Stulien

Hjarteleg takk til: Alle musikarane som har vore med på denne plata. Eg er utrulen stolt og glad over at så dyktige og gilde folk ville vera med! Ein veldig, veldig stor takk til Bjørn Ole Rasch for fantastiske musikalske og inspirerande stunder og bidrag, varme og energi i eventyrlige Kongshavn Studio! Eg er både takksam og audiuk over å få jobbe med deg. Thom Hell, Trygve Skaug og Stein Roger Sordal for nydeleg song. Veldig stas! Roald Råsberg for framifrå god lyd og miks, gode smil og godt humør. Helge Westbye og Cathrine Heen på GRAPPA musikkforlag for at de har tru på meg og musikken min. Teknikar Ronny Wikmark, Touchdown music og Nidaros studio i Trondheim for bra jobb under koringa ved Dag Erik sine supre korarrangement. Dag Erik, Hilde, Emilie, Annbjørg, Bjørn Ole, Nicolai, Grethe og Øystein for flott koring. Øystein for trekspelskomp. Ein spesiell og stor takk til pappa Arthur for kjempefin trekspelsolo. Det var ei stor oppleving då du kom i Kongshavn studio og leverte så bra. Sterkt! Uendeleg takksam for det. Det er 80 års aldersskilnad på yngste og eldste deltakar på denne produksjonen, Nicolai Lien Rasch på 11 år og pappa på 91 år Stas!! Ein spesiell takk til Bjørn Ole og Roald for godt og inspirerande studiosamarbeid. Knut Kjetil for så utrulen fine melodiar og idéar til arrangement, og harmoniar i førproduksjonen. Til alle involverte for gode og kreative bidrag. Ein framifrå flott gjeng som bidreg på denne plata. For ein bukett! Takk til Kjell Rune Nakkestad for foto av Katland fyr, bearbeidd av Ove og Inger Lise. Kjære Olav, Harald, Kari og Endre: Dykke betyr alt for meg. Inderleg takknemleg!

For booking: ingerlisestulien@gmail.com, mobil 950 29 819

GRAPPA musikkforlag, www.grappa.no, info@grappa.no



GRCD4487